



Statens Vegvesen
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/369 - 23/13970

Saksbehandlar:
Terje Kallekleiv
terje.kallekleiv@osteroy.kommune.no

Dato:
15.06.2023

Vedtak til klagevurdering. Dispensasjonssøknad Gnr. 49, Bnr. 2 Espevoll - Fylkesveg og gangveg

Tiltak: Opparbeide/utbetre veg (FV 5422)
Tiltakshavar: Romarheim Entreprenør AS

Tiltaket består i å opparbeide/utbetre fylkesvegen på Espevoll – samt teknisk infrastruktur - i samsvar med reguleringsplanen for området ([Espevoll næringsområde PlanID 4630 2010 002](#)). Tiltaket vert gjennomført i samarbeid med vegkontoret i Vestland Fylkeskommune. Årsaka til at det er behov for å søkje dispensasjon frå kommuneplanen er at arealdelen vart vedteken etter reguleringsplanen – utan at det vart bestemt at reguleringsplanen skulle gjelde framfor kommuneplanen. Dette er var eit arbeidsuhell og ikkje tilsikta.

Formålet med tiltaket er å oppgradere nødvendig infrastruktur inn til eit område som ligg som næringsområde i reguleringsplanen – og som næringsområde i arealdelen til kommuneplanen.

Nyleg har det vorte større fokus på dei kvalitetane som ligg i myrområde. Dette lyt forvaltninga ta høgde for framover – særleg i arbeide med arealplanar. I dette tilfelle ser likevel kommunen det vanskeleg å avslå søknaden – som reelt er i samsvar med plansituasjon og med lokale og regionale føringar over lang tid.

- Næringsformål i KPA vart vedteken 24.06.2018.
- Næringsformål i reguleringsplan vart vedteken 03.10.2012.
- Det har vore lokal, regional og statleg støtte til næringsområde på Espevoll sidan 2010.
- Innafor næringsområdet er det allereie gjeve løyve til tiltak, og igangsett tiltak, i samsvar med reguleringsplanen før den var 10 år gamal.

Vi ber om ei klagevurdering – med frist 06.08.2023

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar planavdelinga

Terje Kallekleiv
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Merknad-til-nabovarsel-1-20230329-KARI-MARIE-NJÅSTAD
Kvittering-for-nabovarsel-1-20230314-1411
Nabovarsel-1-20230314-1411
Søknad_Espevoll
Vedtak - dispensasjon frå kommuneplanen

Mottakar:

Statens Vegvesen
Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Postboks 1010 2605
Njøsavegen 2 6863
Postboks 7900 5020

LILLEHAMMER
LEIKANGER
Bergen